

MELAND KOMMUNE
att: Martin W Kulild
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.: Martin W Kulild
Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
2019/1975-2

Bergen 02.07.2019

OFFL § 26, 4 ledd

Avslag på søkan 299150 Begrip, på vei mot en ny pedagogikk for bærekraftig utvikling

Prosjektnummer: 299150
E-søknad ref nr: ES636273
Administrativt ansvarleg: Martin W Kulild
Prosjektleder: Marianne Presthus Heggen

Regionalt forskingsfond (RFF) Vestlandet viser til dykkar søknad om tilskot til ovannemnde prosjekt, motteke til utlysinga Regionale offentlige prosjekt - Innovasjon i kommunal sektor (2019) med søknadsfrist 13. februar 2019.

Regionalt forskingsfond (RFF) Vestlandet har i styremøte den 25. juni 2019 dessverre vedteke å ikkje støtte søknaden.

Dette brevet er sendt til kommunen som er prosjektansvarleg for søknaden. Det er mottakar sitt ansvar å informere prosjektleder og eventuelt andre prosjektsamarbeidspartnarar om vedtaket.

1. Søknadsbehandlinga

Søknaden er behandla gjennom fleire prosessar. Noregs forskingsråd har gjennomført ei nasjonal panelvurdering der 3-4 faglege ekspertar har vurdert søknaden ut frå desse kriteria:

- Innovasjonsgrad
- Verdiskapingspotensial
- Realisering av innovasjonen
- Forskingsgrad
- Prosjektkvalitet for FoU-prosjektet
- Gjennomføringsevne
- Forskinga si innovasjonsrelevans
- Samla vurdering frå ekspertpanelet

For dei fleste kriteria er det nytta ei karakterskala frå 1 - 7, der 7 er høgste karakter. Kriteriet forskninga si innovasjonsrelevans har karakterskala frå A - C.

Deretter har sekretariatet for RFF Vestlandet vurdert søknaden opp mot intensjonen med utlysinga, inkludert regional relevans og bidrag til innovasjon og verdiskaping for kommunal sektor i regionen. Utllysinga har meir detaljert informasjon om vurderingskriteria.

Styret for RFF Vestlandet har til sist fatta vedtak på grunnlag av ei samla vurdering av søknaden.

2. Grunngeving for avslaget

Vedlagt følger vedtaksdokumentet med grunngeving for avslaget.

3. Avgrensa tilgang til å klage

I følge "Retningslinjer for regionale forskingsfond" fastsett av Kunnskapsdepartementet 23. oktober 2009, sist revidert 1. juni 2016, er vedtak i fondsstyret om tildeling av støtte ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova, og klagereglar i forvaltningslova gjeld ikkje. Retningslinjene gir likevel ein avgrensa rett til å klage.

Kunnskapsdepartementet har delegert si mynde i klagesaker for vedtak fatta av fondsstyra for dei regionale forskingsfonda til Noregs forskingsråd.

For meir informasjon, sjå Regionale forskingsfond si [felles nettside](#). Merk at det *ikkje* er tilgang til å klage på dei faglige vurderingar og prioriteringar som ligg til grunn for vedtak om avslag på søknaden. Fristen for å klage er tre veker etter mottak av dette avslaget på søknaden. Skriftlig klage må verte fremma av prosjektansvarlig institusjon v/administrativt ansvarlig. Den skal verte sendt til styret for RFF Vestlandet. Fondsstyret si adresse er Regionalt forskingsfond Vestlandet, Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Pb 7900, 5020 Bergen eller e-post: forsking@hfk.no. Styret for RFF Vestlandet tek først stilling til klagen. Dersom styret ikkje gir klagar medhald, skal styret førebu klagesaken og sende den til Forskringsrådet for avgjersle.

4. Tilbod om vidare oppfølging

RFF Vestlandet ønskjer å vere ein aktiv medspelar i arbeidet med å utvikle gode forskingsidear på Vestlandet. Vi vil gi søkjarar som ikkje nådde opp i samband med tildelinga tilbod om hjelp til å vurdere kva som kan vere ei god vidareføring av prosjektideen. Ta difor gjerne kontakt med oss i sekretariatet på forsking@hfk.no

RFF Vestlandet arrangerer også informasjonsmøte og søknadsskrivekurs i alle fondsfylka ein til to gongar i året. Alle arrangement vert lagt ut i kalenderen på [nettsida vår](#).

Med helsing

Jone Engelsvold
sekretariatsleiar

Randi Lotsberg
seniorrådgivar

Vedlegg:

- Vedtak for søknaden

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.